

LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR GULEN KOMMUNE 2024

1 INNHALD

1	INNHALD.....	1
2	HEIMEL	3
3	IVERKSETTING.....	3
4	GENERELLE REGLAR.....	3
4.1	Betalingsplikt.....	3
4.2	Kva for regulativ skal nyttast	3
4.3	Fastsetting av gebyr	4
4.4	Betalingstidspunkt.....	4
4.5	Avbrote arbeid.....	4
4.6	Mangelfull sak	4
4.7	Avvist sak.....	4
4.8	Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.....	5
4.9	Gebyr til statlege etatar	5
4.10	Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd).....	5
4.11	Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ...	5
4.12	Redusert gebyr	5
4.13	Klage	5
4.14	Endring av regulativet	5
5	TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID	6
5.1	Timepris.....	6
6	DIGITALT KARTGRUNLAG	6
7	PLANSAK.....	7
7.1	Førehandskonferanse.....	7
7.2	Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)	7
7.3	Endring av reguleringsplan (pbl kap 12).....	8
8	UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18).....	8

9	DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)	9
10	SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)	10
10.1	Førehandskonferanse.....	10
10.2	Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1).....	10
10.3	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4).....	12
11	OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)	13
12	ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32).....	13
12.1	Sakshandsaming	13
13	HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA	14
13.1	Etablering av ny matrikkeleining	14
13.2	Innløysing av festetomt (omgjerung av feste til bruk)	14
13.3	Areal-/volumoverføring.....	14
13.4	Omnummerering av festenummer	15
13.5	Justering av grense	15
13.6	Klarlegging av eksisterande grense	15
13.7	Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser	15
13.8	Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon	15
13.9	Registrering av jordsameige	16
13.10	Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr).....	16
13.11	Avbrot i rekvirert arbeid	16
13.12	Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11.....	16
14	HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2).....	16
14.1	Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom	16
15	HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)	17
15.1	Konsesjon	17
15.2	Deling etter jordlova.....	17
16	HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4).....	17
16.1	Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova	17
16.2	Anløpsavgift i kommunale hamnar	17
17	HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA.....	18
17.1	Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2).....	18
17.2	Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)	18
17.3	Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2)	18

2 HEIMEL

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7*
- *Lov om eierseksjoner av 6. juni 2017 nr 65 §§ 14 og 15*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 5. mai 2003 nr 1909 om delegering av myndighet til kommunene etter forurensningsloven*
- *Lov om behandlingmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6 og § 25 og Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift*

3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet er vedteke av Kommunestyret i Gulen kommune sak PS 141/2023 den 07.12.2023 og gjeld frå den 01.01.2024.

Gebyrregulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

4 GENERELLE REGLAR

4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysningsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

4.3 Fastsetting av gebyr

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak og deling) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ein fast sum, slik som gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

4.4 Betalingstidspunkt

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

4.5 Avbrote arbeid

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søklar skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

4.6 Mangelfull sak

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame henne skal saka verte arkivert utan handsaming, og med melding til søker. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

4.7 Avvist sak

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

4.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Perioden 01.12 – 31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A)

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

4.12 Redusert gebyr

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er motteke. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

For allmennyttige tiltak i regi av frivillige lag og organisasjonar vert gebyret redusert med 80% for handsaming av søknadar etter lovene som er omfatta av gebyrregulativet.

Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret

Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

4.14 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

5.1.1	Kontorarbeid	1140
5.1.2	Feltarbeid	1680

6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå www.statkart.no.

7 PLANSAK

7.1 Førehandskonferanse

7.1.1	Førehandskonferanse	0
-------	---------------------	---

7.2 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

7.2.1	Godkjenning av planinitiativ (rettleiingsmøte i forkant av oppstartsmøte) Etter medgått tid, men minstegebyr	4700
7.2.2	Obligatorisk oppstartsmøte	10440
7.2.3	Basisgebyr plansak (inkludert inn til to møter)	43220
7.2.4	Fast tilleggsgebyr plansak	
	a) Areal planområde over 25 daa. Per påbegynte 25 daa (25.000 m ²) Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med.	2620
	b) Bygningsareal. Per 1000 kvm BRA	7200
	c) Sentrumsformål	5890
	d) Næringsformål	42410
	e) Privat områderegulering (ikkje i kraft)	0
	f) Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar, men utan krav til KU	14880
	g) Planforslag i strid med overordna plan	42410
7.2.5	Tilleggs møter, per møte utover to møter, jf. 7.2.3	Medgått tid
7.2.6	Tilleggsgebyr for melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert planframlegg	3120
7.2.7	Tilleggsgebyr for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:	6970
7.2.8	Avvist plansak etter oppstart	5660
7.2.9	Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4)	Etter medgått tid
7.2.10	Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4)	Etter medgått tid

7.3 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)

7.3.1	Små endringer i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) som er delegert til administrasjonen	6970
7.3.2	Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14) som krev politisk avgjerd. Gjeld når endringane i liten grad vil påvirke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområder.	14180
7.3.3	Endringar som det ikkje er høve til å delegere frå kommunestyret	Som for ny sak
7.3.4	Tilleggsgebyr For melding til forslagsstiller om manglar ved innlevert endingsforslag	2890
7.3.5	Tilleggsgebyr For kommunen sitt arbeid med å rette innlevert endringsforslag etter avtale med forslagsstiller. Medgått tid, men minstegebyr:	2890

8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

8.1.1	Utbyggingsavtale	Medgått tid
8.1.2	Refusjonssak	Medgått tid

9 DISPENSASJONSAK (pbl kap 19)

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggjesaksgebyr.

9.1.1	Dispensasjon som gjeld mindre tiltak i strandsona, pbl § 1-8 Gjeld eit mindre tiltak etter pbl. §§ 20-4 bokstav a, c og 20-5, inkludert mindre VA-anlegg og leidningstrase i strandsona. For felles dispensasjonssøknad om fleire mindre tiltak gjeld 9.1.2.	7300
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål LNF Gjeld mindre tiltak på bygd eigedom. For tiltak som ligg i både LNF og strandsona skal det fakturerast som for strandsona.	7440
9.1.3	Dispensasjon som gjeld arealformål Gjeld andre dispensesasjonar frå føresegner gitt i, eller i medhald av pbl/forskrift. T.d. byggjeforbod i strandsona (pbl. §1-8), arealføremål i plan, plankrav, rekkefølgekrav, m.v.	15430
9.1.4	Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgekrav i plan	15500
9.1.5	Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift T.d. føresegner.	7440
9.1.6	Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling	7440
9.1.7	Mellombels dispensasjon (reversibelt)	7440
9.1.8	Mangelfull sak m/melding til søker	2890
9.1.9	Avvist sak	5700
9.1.10	Søknad om dispensasjon som vert trekt av søker	2890

10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

10.1 Førehandskonferanse

10.1.1	Førehandskonferanse	0
--------	---------------------	---

10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-3 jf. § 20-1)

10.2.1	Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad Jf. pbl § 20-1 a-e, g og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. For tilleggseining i einestad skal det betalast 50 % av basisgebyr. I fleirmannsbustadar skal det betalast 75 % av basisgebyr frå om med bustadeining nr 2 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11.	14190
10.2.2	Basisgebyr bygg for industri /næring /tenesteyting landbruk/ publikum Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon.	14190
10.2.3	Fast arealtillegg for bygg etter pkt. 10.2.2 over 2000 m2 BRA (vert rekna per m2 som overgår 2000).	6,-/m ²
10.2.4	Basisgebyr fellesbygg Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg (t.d i kjellar). Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå om med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.	7090
10.2.5	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg Jf. pbl § 20-1 a-l. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentlig endring og reparasjon. Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg.	14190

10.2.6	Bygningstekniske installasjonar Jf. pbl. § 20-1 f. Separat søknad om oppføring, endring og reparasjon.	7090
10.2.7	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg Oppføring av enkeltstående garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande. Kai/flytebyggje/molo inn til 15 kvm. Basseng. Antenne/mast/skilt. Innhengning mot veg. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.	7090
	Separat søknad om reparasjon/rehabilitering av enkle byggtekniske installasjonar. T.d ventilasjonsanlegg og pipe.	2290
10.2.8	Riving av bygg Det kan søkast om gebyrfritak for bygg som står til nedfalls.	4330
10.2.9	Basisgebyr bruksendring	Som for ny sak
10.2.10	Delt sakshandsaming T.d: lgangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve.	3490
10.2.11	Mangelfull sak m/melding til søker	2890
10.2.12	Avvist sak	2890

10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-4)

10.3.1	Basisgebyr Jf. pbl § 20-4 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2 Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning. Tilbygg < 50 kvm. Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm. Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. Driftsbygning i landbruket < 1000 kvm Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 kvm) Midlertidige bygningar/konstruksjonar/anlegg inn til 2 år	7810
10.3.2	Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel T.d: Mindre murar. Fasadeendring.	3830
10.3.3	Mangelfull sak m/melding til søker	2890
10.3.4	Avvist sak	2890

11 OPPRETNING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

11.1.1	Oppretting i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.	3370
11.1.2	Oppretting i samsvar med arealformål, men:	
	a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan	4200
	b) der området er uregulert	4200
	c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan	6850
11.1.3	Oppretting som ikkje er i samsvar med arealformål	11180
11.1.4	Oppretting av ny anleggseigedom	Etter avtale
11.1.5	Mangelfull sak m/melding til søker	2890
11.1.6	Avvist sak	2890

12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

12.1 Sakshandsaming

Gebyr for oppfølging av ulovlege tilhøve kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr der det ulovlege tiltaket vert søkt om i ettertid.

12.1.1	Avdekking/påvising av ulovleg tiltak Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar. Etter medgått tid, minstegebyr:	9080
12.1.2	Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4) Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.	9080
12.1.3	Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)	9080

13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

13.1 Etablering av ny matrikkeleining

13.1.1	Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste	17740
13.1.2	Fast arealtillegg	
	a) Areal frå 201 til og med 3 000 m ²	16260
	b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m ²	23570
	c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50 000m ²	33650
	d) Areal frå og med 50 001 m ² Minstegebyr er basisgebyr pluss høgste tilleggsgebyr	Etter medgått tid
	Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.	
13.1.3	Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	4930
13.1.4	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Som for etablering
13.1.5	Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid	75 % av aktuell sats
13.1.6	Oppretting av anleggseigedom	Etter avtale

13.2 Innløysing av festetomt (omgjerung av feste til bruk)

13.2.1	Krev oppmålingsforretning dersom kart- eller oppmålingsforretning ikkje har vore halden tidlegare og grensene ikkje er merka og målt.	Gebyr som for etablering
13.2.2	Der det tidlegare er halde kart- eller oppmålingsforretning og grensene er merka og målt.	60 % av aktuell sats

13.3 Areal-/volumoverføring

13.3.1	Basisgebyr arealoverføring	14190
13.3.2	Fast arealtillegg	
	a) Areal frå og med 501 m ² til og med 3 000 m ²	16250
	b) Areal frå og med 3 001 m ² til og med 20 000 m ²	23570
	c) Areal frå og med 20 001 m ² til og med 50 000 m ²	33650
	Der det vert rekvirert fleire enn 5 tomtar samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.	
13.3.3	Volumoverføring for anleggseigedom	Etter avtale

13.4 Omnummerering av festenummer

13.4.1	Omnummerering av festenummer	9380
--------	------------------------------	------

13.5 Justering av grense

13.5.1	Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	14190
13.5.2	Justering av eksisterande grense for anleggseigedom	Etter avtale

13.6 Klarlegging av eksisterande grense

13.6.1	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarende forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving. Inn til 2 punkt. Avvik inntil 10 cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd.	3930
13.6.2	Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 3)	670
13.6.3	Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense som ikkje tidlegare er koordinatbestemt, men har opphav i skyldskifte eller eldre utskifting. Inn til 4 punkt.	11220
13.6.4	Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)	670
13.6.5	Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt	Gebyr som for etablering

13.7 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

13.7.1	Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:	4360
13.7.2	Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:	4360

13.8 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

13.8.1	Basisgebyr	
	a) Areal frå 0 til og med 50 m ²	1250
	b) Areal frå 51 til og med 250 m ²	15330
	c) Areal frå 251 til 2 000 m ²	17740
	d) Areal frå og med 2 001 m ²	20600
	Der det vert rekvirert fleire enn 5 uteareal samtidig i same sak, vert det gitt 20 % reduksjon av totalt gebyr.	

13.9 Registrering av jordsameige

13.9.1	Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige	3650
13.9.2	Endring i registrert sameigefordeling	3650

13.10 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

13.10.1	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175
13.10.2	Matrikkelbrev over 10 sider	350

13.11 Avbrot i rekvirert arbeid

13.11.1	Avbrot forårsaka av rekvirent, medgått tid, minstegebyr:	5490
13.11.2	Avvist sak, medgått tid, minstegebyr:	2500
13.11.3	Mangelfull sak m/ melding til søker, medgått tid, minstegebyr:	2500

13.12 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

13.12.1	Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar)	10 %
13.12.2	Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon	40 %
13.12.3	Teknisk arbeid og dokumentasjon	15 %
13.12.4	Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar)	35 %
13.12.5	Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr	1880

14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom

14.1.1	Sak som krev synfaring	6590
14.1.2	Sak som ikkje krev synfaring	3950
14.1.3	Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikkelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon	Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon.

15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

15.1 Konsesjon

15.1.1	Konsesjon (maksimumsgebyr)	5000
15.1.2	Konsesjon (kjøpesum under kr.....)	

15.2 Deling etter jordlova

15.2.1	Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr)	2000
---------------	---	------

16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4)

16.1 Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova

16.1.1	Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova	1430
16.1.2	Avvist eller mangelfull sak	1430

16.2 Anløpsavgift i kommunale hamnar

17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

17.1.1	Etter medgått tid, minstegebyr kr:	0
--------	------------------------------------	---

17.2 Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12 og 13)

17.2.1	Utsleppsløyve	
	a) For utsleppet kalkulert til inntil 50 PE	5520
	b) For utsleppet kalkulert til mellom 51 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	8650
	c) For utsleppet kalkulert til større enn 2001 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø	12990
17.2.2	Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert	50 % av ny søknad
17.2.3	Søknad om endra utslepp ved endring eller oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg	2890
17.2.4	Avvist sak	

17.3 Tilsyn av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2)

17.3.1	Kontroll	
	a) Anlegg der utsleppet er < 50 PE	4200
	b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 PE til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	7090
	c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 PE til ferskvatn / elv og 10 000 PE til sjø	14170